

## **Referat få møte i arbeidsgruppa for utmarksbrann.**

Møtestad: Mastrevik

Tid: Fredag 9. januar 2015 kl 08.30

Desse møtte: Stein Kåre Løvslett, Even Vaular og Harald J. Stanghelle

Fråvær: Toril Marie Mulen

Stein Kåre Løvslett tok oss gjennom ordninga for skjønsmidlar og korleis det var tenkt å arbeida i tre ulike fasar. Støtta er so langt til fase 1.

Fasane er Kartlegging /planlegging – gjennomføre risikoreducerande tiltak og til slutt evaluera tiltak og setje desse inn i ein samanheng som drift.

Arbeidet vil ha dra inn ulike faggrupper i kommunane, men i stor grad vert det arbeid frå beredskapskontaktar, skog- og landbruk og brannsjefar/-mannskap

Prosjektet vil sjå på mogleik for å utnytta kunnskap og kompetanse frå Fylkesmann, fylkeskommune og eksterne bidragsytarar.

### **Fase 1**

Kartlegging - planlegging

Gjennomført: Vinter 15

Aktivitetar med namn på utførande deltakar:

Kartlegging i Nordhordlandskart og Temakart som GUI - Harald J Stanghelle

WMS - Skog og landskap -Harald J Stanghelle

Laserdata - LIDAR - Sjekk med Niels torger Granum for analyse til SHAPE - Harald J Stanghelle

**Linjetracéar** - kartdata eller GPS spor - Harald J Stanghelle / Toril Marie Mulen /Stein Kåre Løvslett.

Møte med BKK nett/Telenor om prosjektet og samarbeidspotensiale - Stein Kåre Løvslett

### **Verdi og ressurs.**

Alle i gruppa arbeider med kartlegginga, men Even Vaular passar på å spinne hjulet.

Kartlegging av risiko for verdier som Liv og helse, miljø, kultur og økonomiske verdier som hus, hytter, bygningar, konstruksjonar mm.

Infrastuktur ( xyz) eksisterande og ny planlagd infrastuktur

Møte med forsikringsselskap og verdier og samvirkenytte - avventar alle/fylkesmannen

Grunneigedomar, korleis få med grunneigarar - Toril Marie Mulen

Informasjonsmøter med grunneigarane

Veg/ Riksveg-/ Fylkes- /kommune- og skogsv-. Røming frå skogsveg. – Brannsjefane.

Skogsvegregistrering – Toril Marie Mulen /Stein Kåre Løvslett

Skogsområde/fare- registrere i nordhordlandskartet. – Toril Marie Mulen /landbrukskontoret

Skogbrannmodul i GIS. Det er ved fleire høve nemnd at ein modul for simulering av skogbrann i GIS verktøy vil vera ein nyttig ting både som øving og ved reell utmarksbrann. Ein slik modul vil falla inn under fase 2, men kan vera god i planlegginga og. Ei større oppgåve det er naturleg å be Fylkesmannen/DSB om hjelp til.

Presentasjon- Alle/politisk

Presentasjonen av prosjektet må vera god, då det er eit vanskeleg tema. Å sjå den faktiske rekkevidda av risikoen ved attgroing og utmarksbrann er vanskeleg, trass i ulikehendingar, og presentasjonen må ha ei grad av læring i seg.

Rekneskap - Alle/Stein Kåre Løvslett

Rekningar frå eksterne til prosjektet, send til Stein Kåre Løvslett. Før og rekneskap med timar til prosjektet.

Fase 2

Gjennomføre tiltak, nokre er rekna opp då fase 1 tek stilling til desse.

Gjennomføring av hogst

Lyngbrenning

Beiting

Kurs for grunneigarar

Fase 3

Evaluering drift av tiltak

Møtet slutt 11:30

Neste møte: Stein Kåre Løvslett kallar inn med møtestad Manger.

Manger 13/1-2015

Harald J. Stanghelle

Referent.